



ALVER
KOMMUNE

Kartlegging av naturmangfold

Rapport

9. november 2023



Innhald

1. Innleiing.....	1
Om kommunedelplan for naturmangfald	1
2. Val av kriterium/kategoriar	3
3. Bevaring naturmiljø	3
4. Naturtypar	4
Naturtypar frå DN-handbok 13	4
Naturtypar frå DN-handbok 19	5
Verdsetting og fagleg vurdering.....	7
5. Geologisk arv	7
Verdsetting og fagleg vurdering.....	7
6. Naturvernområder	8
Verdsetting og fagleg vurdering.....	8
7. Områder med trua og nær trua arter.....	9
Verdsetting og fagleg vurdering.....	10
8. Miljøregistrering i skog.....	11
Verdsetting og fagleg vurdering.....	11

1. Innleiing

Alver kommune har rike naturverdiar og store variasjonar i naturmangfald. Det finst eit høgt tal av påviste raudlisteartar i Alver kommune, og for fleire artar har kommunen nasjonalt og internasjonalt ansvar for å forvalte dei på rett måte. Dette gjeld også for fleire naturtypar.

Alver kommune har starta opp arbeidet med ein kommunedelplan for naturmangfald (KDP Naturmangfald), for å auke kompetansen om naturmangfald i kommunen og belyse kvar det er kunnskapshol. Det er viktig å sikre at det ikkje skjer ei svekking av naturmangfald i kommunen, samt å belyse moglege tiltak for å betre forholda for naturmangfaldet. I kommunedelplanen skal det lagast ei samanstilling av tilgjengeleg kunnskap og eit temakart med viktige område for naturmangfald.

Arbeidet med kommunedelplanen for Naturmangfald går parallelt med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. For å ha eit grunnlag på plass til bruk i kommuneplanen sin arealdel, mellom anna som grunnlag for konsekvensutgreiing av aktuelle arealendringar, er det utarbeida eit kartlag for naturmangfald.

Denne rapporten er ein presentasjon av innhaldet i kartlaget, med ein presentasjon av kva kriterium og kategoriar som er lagt til grunn. I tillegg inneheld rapporten ei fagleg vurdering av kva konsekvensar dei ulike kategoriane har for arealbruken i kommunen. Kartlaget er også eit utgangspunkt for utarbeiding av eit temakart for naturmangfald, som vil vere ein del av kommunedelplan for Naturmangfald. Det må påreknast at det kan kome endringar i kriterium og kategoriar frå kartlag til temakart.

Om kommunedelplan for naturmangfald

Bakgrunnen for utarbeiding av kommunedelplanar for naturmangfald er basert på Stortingsmelding 14 (2015-16) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald*. I denne meldinga vart det bestemt at regjeringa ønsket å legge til rette for at *"kommunene skal øke sin kompetanse om naturmangfald. Utarbeidelse av en egen kommunedelplan for naturmangfald vil være et viktig bidrag til den mer grundige interesseavveiningen som skal foretas i den etterfølgende prosessen med kommuneplanens arealdel"*.

10 kommunar vart plukka ut til å delta i eit pilotprosjekt som fekk økonomisk støtte til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Arbeidet har sidan blitt vidareført nasjonalt, etter god erfaring frå pilotprosjektet. Alver er ein av 18 kommunar som fekk støtte til å utarbeide KDP Naturmangfald i 2023.

Kommunane står sentralt når det gjeld å sikre ein forsvarleg naturforvaltning som tar vare på naturmangfaldet. Kommunedelplanen skal være eit reiskap for å ivareta naturmangfaldet og etablere lokal forankring og medverking i valet av viktige naturområde i kommunen. Eit av dei viktigaste måla med kommunedelplanen er å

styrke kunnskapsgrunnlaget for avgjerdsar i kommunen. Planen vil gjere saksgang føreseieleg for forvaltninga, eigarar og utbyggjarar og være reiskap for å synleggjere naturmangfaldet som ein ressurs for kommunen.

Kommunedelplanen vil bidra til at kunnskapen om naturmangfaldet vert meir systematisert og at fleire får kjennskap til kva verdiar som finst. Planen er ein god anledning til å løfte fram naturområde som har verdi lokalt. Planen er ikkje juridisk bindande, men er ein temaplan som fortel kva område som er prioriterte for naturmangfald og kva naturverdiar som skal innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel. Deler av planen vil slik få eit juridisk vern.

Føremålet med kommunedelplanen:

- Kommunedelplanen skal gjere naturinformasjon meir tilgjengeleg for allmenta og forvaltninga.
- Planen skal synleggjere kva utfordringar kommunen har når det gjeld naturmangfald.
- Planen skal gje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.
- Planen skal synleggjere kunnskapshol og peike på område der oppdatert kunnskap er nødvendig.
- Peike på strategiar for ivaretaking av naturmangfaldet i kommunen.

Korleis skal vi bruke planen:

- Planen skal konkretisere korleis kommunen skal jobba med å ta omsyn til naturmangfaldet
- Planen skal sette fokus på kunnskapsmangel om naturmangfaldet i kommunen.
- Planen skal vektleggast ved saksbehandling og i kommunal drift.
- Planen er tverrsektoriell og gjeld for alle kommunale avdelingar og tenesteområde.

Det viktigaste innhaldet i kommunedelplanen vil være temakartlag for naturmangfald som skal synleggjere kva areal som er prioriterte områder for naturmangfald, og kvar det er behov for ny kunnskap.

2. Val av kriterium/kategoriar

Kommunedelplanen vil ha eit temakartlag for naturmangfald som skal synleggjere kva areal som er prioriterte område for naturmangfald, og kvar det er behov for ny kunnskap. Temakartet vil vere kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og gje grunnlag for oppretting av omsynssonar.

Følgjande kriterium er valde for å avgjera kva område som skal prioriterast for naturmangfald:

- Utvalde naturtypar
- Terrestriske naturtypar frå DN-handbok 13
- Marine naturtypar frå DN-handbok 19
- Geologisk arv
- Naturvernområde
- Områder med trua og nær trua artar
- Områder som er vurdert som lokalt viktige
- Omsynssoner (H560) frå tidlegare kommunedelplanar og reguleringsplanar
- Biologisk viktige områder frå miljøregistrering i skog (MIS registrering)

Lista over kriterium er ikkje endeleg, og kan bli endra når kartlaget skal vidareutviklast til temakart for naturmangfald. I presentasjonen under er verdisetting og fagleg vurdering lagt inn. Det er ei fagleg vurdering av kva konsekvensar kartlaget har for vurdering av endringar i arealbruk. Konsekvensane tar omsyn til kva kvalitet datagrunnlaget har. Grunnlag med lågare kvalitet eller grunnlag med stor uvisse, vil i mindre grad vurderast som viktige å ta omsyn til ved vurdering av arealendringar. For meir informasjon om det enkelte kriterium, sjå omtale under kvart enkelt kapittel.

3. Bevaring naturmiljø

Bevaring naturmiljø er vidareførte omsynssoner som ligg inne i gjeldande overordna planar og reguleringsplanar. I kommuneplan for Lindås (2019) er omsynssona bevaring av naturmiljø omtalt slik: «Sona omfattar område med særleg verdifulle naturtypar eller viltverdiar og er vist som omsynssone i plankartet. Det skal takast særskilt omsyn til naturmangfaldet ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor sona. Nye tiltak kan ikkje tillatast når dei kan kome i konflikt med naturmangfald av regional eller nasjonal verdi».


Omsynssonene i dei gjeldande planane er fastsett på ulike tidspunkt og kvaliteten i grunnlaget for omsynssonene er varierende. Kvalitetssikring og eventuelle justering av desse omsynssonene er ein del av arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald og kommuneplanen sin arealdel for Alver.

Tabell 1 Verdsetting og fagleg vurdering bevaring naturmiljø

Verdsetting	Fagleg vurdering
A-, B- og C-områder Omsynssoner bevaring naturmiljø H560	Sone sett av for bevaring av naturmiljø etter plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c. Tidspunkt for fastsetting og kvaliteten i grunnlaget vil variere. For omsynssoner i gjeldande planar må det vurderast i kvart enkelt tilfelle om løyve til tiltak er tilråde.

4. Naturtypar

Utvalde naturtypar viser registrerte førekomstar av utvalde naturtypar, jf *Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven* / [Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven - Lovdata](#)). Åtte naturtypar har status som utvald naturtype:



Figur 1 Teiknforklaring for naturtyper

Naturtypar frå DN-handbok 13

Lokalitetar av utvalde naturtypar forvalta i Miljødirektoratets datasett *Naturtypar - DN-handbok 13* og *Naturtypar – Miljødirektoratets instruks* og har derfor blitt slått saman med datasettet frå DN handbok 13 i temakartet.

Datasettet viser naturtypelokaliteter på land og i ferskvatn, kartlagt etter DN-handbok 13. Naturtypar prioritert for kartlegging i DN-handbok 13 bygger på dokumentasjon av *Truete vegetasjonstyper i Norge*, publisert i 2001. Kvar naturtype er skildra i DN-handbok 13, med utgangspunkt i gjeldande skildring av den eller dei trua vegetasjonstypene som vanlegvis vil inngå. Kvar registrerte lokalitet er gitt ein naturfagleg verdi, basert på tilstand og naturmangfald. Lokalitetane har ein meir

eller mindre omfattande områdeskildring. Presisjon i avgrensinga er varierende, noko som også følgjer av at krav til presisjon har endra seg over tid. Generelt vil nyare data være meir presist avgrensa enn eldre data, men datasettet inneheld også eldre data med god presisjon. Den faglege verdivurderinga er gjort i samsvar med skildringa av naturtypen i handboka.

Formålet med datasettet (både utvalgte naturtypar og naturtypar frå DN-handbok 13) er å bidra til best mogleg kunnskapsgrunnlag ved avgjersler om arealbruk, irekna arealplanlegging og næringsutøving.

DN handboka er delt i nr 13 (på land) og nr. 19 (marine naturtypar). Alle naturtypar som er skildra i handboka er viktige for biologisk mangfald og skal kartleggast.

Tabell 2 Naturtypar i DN-handbok 13: terrestriske naturtypar (på land)

Naturtypar i DN-handbok 13: terrestriske naturtypar (på land)		
Førekomst av raudlistearter	Artsriksdom	Spesialiserte arter og samfunn (spesielle økologiske krav)
Trua vegetasjonstypar	Sjeldanheit	Naturtypar med høg produksjon
Kontinuitetsområder	Viktig biologisk funksjon	Sterk tilbakegang

Tabell 3 Kriteria for verdsetting av lokalitetar innan ein naturtype

Kriteria for verdsetting av lokalitetar innan ein naturtype	
Storleik	Sjeldne utformingar (nasjonalt og regionalt)
Grad av tekniske inngrep	Mangfald av arter og naturelement
Kontinuitetspreg	Hevdstatus (for kulturbetinga naturtypar)
Førekomst av raudlistearter og trua vegetasjonstypar	Del av heilskapleg landskap (for kulturbetinga naturtypar)

Naturtypar frå DN-handbok 19

Datasettet viser naturtypelokaliteter som kartlagt etter DN-handbok 19 *Kartlegging av marint biologisk mangfald* (Miljødirektoratet). Kvar registrerte lokalitet er gitt ein naturfagleg verdi, basert på storleik, tilstand og naturmangfald. Lokalitetane har ein områdeskildring med vekt på å forklare verdsettinga. Den geografiske presisjonen er

jamt over god for heile datasettet. Forbetring av modeller for predikasjon av naturtypar har også gitt noko betre presisjon over tid. I datasettet inngår også nøkkellokaliteter for nokre arter av skjell, som av praktiske årsaker er etablert som naturtypedata.

Den faglege verdivurderinga er gjort i samsvar med skildringa av naturtypen i handboka. For marine naturtypar er lokaliteten sin storleik eit viktig kriterium. For den enkelte lokalitet kan det også vere oppgitt andre førekommande naturtypar, med sin del av lokaliteten sitt areal.

Tabell 4 Naturtypar i DN-handbok 19: marine naturtypar

Naturtypar i DN-handbok 19: marine naturtypar	
Kriterier	Grunnlag for verdisetting
Økologiske kriterier	
Økologisk funksjon	Naturtyperikdom
	Storleik
	Alver
	Produksjonsrate
	Lite avvik frå naturtilstand med omsyn til funksjon
Grad av sjeldenhet	Sjeldan i regionen
	Sjeldan nasjonalt
	Lite avvik frå naturtilstand med omsyn til artsmangfald
Grad av truethet	Små førekomstar
	Sårbarheit (lang restitusjonstid)
	I tilbakegang
Kulturbetinga kriterier	
Estetikk	
Bruk og bruksområder	Gir naturforståing
	Av verdi til friluftsområde
	Bruk i undervisning/forskning
	Lange dataseriar-kunnskap om utvikling

Datasetta er egna til bruk i alle typar plan- og arealforvaltningsoppgåver, i enkeltsakshandsaming og som grunnlag for avgjerdsjar i næringutøving. Datasettet egner seg også for framstilling av temakart, oversiktskart, interaktive kart, kartløyningar på internett og til analyser.

Verdsetting og fagleg vurdering

Tabell 5 Naturtypar - Verdsetting og fagleg vurdering

Verdsetting	Fagleg vurdering
A-områder Svært viktig Alle utformingar og/eller lokalitetar som er vurdert til svært viktig i handboka. Som oftast nasjonalt viktig.	A og B områder burde få sin eigen omsynssone og det burde berre vere tillat med tiltak som ikkje forringe lokaliteten.
B-områder Viktig Alle utformingar og/eller lokalitetar som er vurdert til viktig i handboka. Som oftast regionalt viktig.	A og B områder burde få sin eigen omsynssone og det burde berre vere tillat med tiltak som ikkje forringe lokaliteten.
C-områder Lokalt viktig Dette kan være lokalt eller regionalt sjeldne eller viktige forekomster som kan verdisettas som lokalt viktige. I spesielle tilfeller kan dei også gå inn i kategori B. Ved utarbeiding av arealplaner vil det være viktig å ha oversikt også over C-områder.	For C områder må det vurderast i kvart enkelt tilfelle, men løyve til tiltak bør berre gis i spesielle tilfelle.

5. Geologisk arv

Geologisk arv viser geologiske lokalitetar av særleg verdi for undervisning, forskning og/eller formidling (geosteder). Det inneheld data innsamla til ulike formål over lang tid, delvis digitalisert ved NGU frå analoge data, delvis innsamla i nyare tid. Det inkluderer både geosteder av stor utstrekning (landskapselement) og små lokalitetar. Skildringa er innsamla til ulik tid og med forskjellige metodar og er derfor av varierende kvalitet. Verdivurderingar som er presentert, er alle gjort i samsvar med metodikk lansert i KU-retteleiarer (Miljødirektoratet 2020).

Verdsetting og fagleg vurdering

Tabell 6 Geologisk arv - verdsetting og fagleg vurdering

Verdsetting	Fagleg vurdering
C-områder-Lokalt viktig Geologiske registreringar	Må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Geologiske funn som kan vere aktuelle for informasjon eller undervisning må ikkje forringes. Geologiske mangfald er og beskytta under naturtyper.

6. Naturvernområder

Datasettet gir ein oversikt over kva områder som er verna etter følgjande lover: naturmangfoldsloven av 2009, biotopvern etter villloven av 1981, naturvernloven av 1970, lov om naturvern av 1954, lov om Jan Mayen av 1930 og lov om naturfredning av 1910. Både land og eventuelt sjøareal er med i datasettet.

Datasettet gir tilgang til lovforskriften som gjelder for kvart enkelt vernevedtak. Det skjer gjennom ei lenke (URL) til Lovdata sine nettsider (<https://lovdata.no/>).

Verneområde vert oppretta først og fremst for å ta vare på naturen sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og dei økologiske prosessane.

Verdsetting og fagleg vurdering

Tabell 7 Verdsetting og fagleg vurdering naturvernområder

Verdsetting	Fagleg vurdering
A-områder Svært viktig Naturvernområder i Alver kommune: Lurefjorden https://lovdata.no/forskrift/2020-06-23-1334 Klammersholmen https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-302 Ådnøy https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-300 Sandholmane, Øysteinen og Hesjestå https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-294 Fossevatna https://lovdata.no/forskrift/1995-12-15-1053 Synnøy https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-295 Vollom https://lovdata.no/forskrift/1984-11-23-1925 Håvarden og klubben https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-298 Heltveit-Bjørge https://lovdata.no/forskrift/2014-02-14-169 Lurekalven https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-299 Vågsskjeret https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-301 Natås	Naturvernområde har allereie eit strengt vern. Områda skal markerast i plankartet med omsynssone.

https://lovdata.no/forskrift/1983-12-16-1988 Grøningane https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-297 Gripakletten https://lovdata.no/forskrift/2019-12-20-1938 Loddå https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-296	
---	--

7. Områder med trua og nær trua arter

Arter av nasjonal forvaltningsinteresse er eit forvaltningsretta datasett som vert distribuert av Miljødirektoratet, der datafangsten heilt og fullt er basert på dataflyten for artsdata som er etablert av Artsdatabanken. Alle relevante artsgrupper er omfatta. Avgjerse om kva artar som inngår er i all hovudsak tatt i samsvar med ulike relevante statusar som artar kan vere i. Trua arter, ansvarsarter og freda arter er døme på slike statusar, som i datasettet er definert som utvalgskriterier. Kartlagde førekomstar av sensitive funksjonsområder for gitte artar, dvs. førekomstar som det ikkje skal være allmenn tilgang til detaljert informasjon om, er ikkje inkludert i dette datasettet.

Datasettet inneheld:

Arter av særleg stor og stor forvaltningsinteresse

1. Prioritert art i samsvar med naturmangfaldlova
2. Freda art i samsvar med naturmangfaldlova
3. Trua art i *Norsk rødliste for artar, Norge* (Artsdatabanken); kategoriane *Kritisk truet* (CR), *Sterkt truet* (EN) og *Sårbar* (VU)
4. Spesiell økologisk form; former eller underarter av artar av nasjonal forvaltningsinteresse som ikkje vert vurdert i raudlista
5. Anna spesielt omsynskrevjande art; andre artar av nasjonal forvaltningsinteresse, utvalt av Miljødirektoratet
6. Nær trua art (NT) i *Norsk rødliste 2010*

Formålet med datasettet er å vise leveområde for artar av nasjonal forvaltningsinteresse som det bør tas spesielt omsyn til i arealplanlegginga, eller som

det av andre årsaker er nyttig å ha kunnskap om (overvaking, bekjempelsesprosjekt for fremmande arter). Datasettet gjev verdifull informasjon til bruk bl.a. i den kommunale arealplanlegginga og anna planlegging av arealbruk. På same tid gjev datasettet føringar på kva arter som bør fokuserast på ved artskartlegging. Datasettet egner seg for framstilling av temakart, interaktive kart, kartløyningar på internett og til geografiske analyser.

Dette datasettet inneheld viktige områder for trua og nær trua arter, og ikkje enkeltregistreringar av arter.

Verdsetting og fagleg vurdering

Verdsetting	Fagleg vurdering
<p>A: Svært viktige Lokalitetar med raudlisteartar i kategoriane kritisk trua (CR) og sterkt trua (EN), eller der det er sannsynleg med slike førekomstar.</p>	A og B områder burde få sin eigne omsynssone og det burde berre vere tillat med tiltak som ikkje forringer lokaliteten. Ingen tiltak burde vere tillat i yngletida.
<p>B: Viktige Lokalitetar med raudlisteartar i kategorien sårbar (VU), eller der det er sannsynleg med slike førekomstar. Lokalitetar med fleire artar i kategorien nær trua (NT).</p>	A og B områder burde få sin eigne omsynssone og det burde berre vere tillat med tiltak som ikkje forringer lokaliteten. Ingen tiltak burde vere tillat i yngletida.
<p>C: Lokalt viktig Lokalt viktige områder for trua arter.</p>	For C områder må det vurderast i kvart enkelt tilfelle, men her burde det heller ikkje vere tillat med tiltak som forringer lokaliteten, og ingen tiltak bør vere tillat i yngletida.

8. Miljøregistrering i skog

Miljøregistrering i skog (MiS) er basert på registrering av 12 hovudtypar av livsmiljø med spesiell betydning for biologisk mangfald i skog. MiS vart ein del av skogbruksplanlegginga i 2002, og seinare ein viktig del av miljøsertifisering i skog. Kartleggingen gir skogeier informasjon om arealer med miljøer som er særleg viktige å ta vare på.

Livsmiljønavn
1. Stående død ved
2. Liggende død ved
3. Rikbarkstrær
4. Trær med hengelav
5. Eldre lauvsuksesjon
6. Gamle trær
7. Hule lauvtrær
8. Brannflater
9. Rik bakkevegetasjon
10. Bergvegg
11. Leirravine
12. Bekkekløft

Figur 2 Oversikt over livsmiljøer i MiS systemet

Verdsetting og fagleg vurdering

Verdsetting	Fagleg vurdering
A: Svært viktig Livsmiljø/naturtypar og/eller lokalitetar som er vurdert til svært viktige.	Ligg stort sett i LNF områder. Det burde vurderast i kvart enkelt tilfelle.
B: Viktig Livsmiljø/naturtypar og/eller lokalitetar som er vurdert til viktige.	Ligg stort sett i LNF områder. Det burde vurderast i kvart enkelt tilfelle.
C: Lokalt viktig Lokalt viktige livsmiljø/naturtypar og/eller lokalitetar.	Ligg stort sett i LNF områder. Det burde vurderast i kvart enkelt tilfelle.